



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT**

Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
201002870-1/CGL

Vår ref.
201009189- /NNO

Dato
18.10.2010

Høring - forslag til endringer i forskrift til minerallova og forslag til ny forskrift om kart over underjords- og dagbruddsanlegg

Vi viser til Nærings- og handelsdepartementet sitt brev av 13. august 2010 med vedlegg.

Justisdepartementet har følgjande merknader:

Etter forslaget til § 1-10 fyrste ledd fyrste punktum pliktar ein tiltakshavar som har drivi uttak av statlege mineral, å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale til Direktoratet for mineralforvaltning når drifta blir lagt ned. Vidare skal direktoratet, etter forslaget til fyrste ledd andre punktum, kunne påleggje ein tiltakshavar som legg ned uttak av grunneigar sine mineral, å sende inn tilsvarende materiale.

Forslaget til § 1-10 sjette ledd fyrste punktum seier at innlevert materiale frå uttak som har vore drivi på statlege mineral, ikkje skal kunne gjerast offentleg medan tiltakshavaren har bergrettar i området. I forslaget til sjuande ledd heiter det vidare at innlevert materiale frå uttak som har vore drivi på grunneigar sine mineral, ikkje kan gjerast offentleg utan samtykke frå den som eig retten til materialet. Vi legg i det følgjande til grunn at forbodet mot å gjere offentleg er meint å skulle avskjere retten til innsyn i det nemnde materialet.

Materialet som blir levert inn, vil vere dokument som gjeld Direktoratet for mineralforvaltning sitt ansvarsområde. Dokumenta vil difor vere å rekne som saksdokument etter offentleglova, og i utgangspunktet vere omfatta av innsynsretten, jf. offentleglova §§ 3 og 4. Forslaget til § 1-10 sjette og sjuande ledd i forskrift til minerallova vil innebere eit unntak frå dei vanlege reglane om innsyn i offentleglova.

Det kan reistas spørsmål om minerallova § 46 gjev heimel til å gjere slikt unntak. I negativt fall må unntaket plasserast i formell lov, slik det var gjort i den tidlegare bergverkløva § 54, eller i forskrift (offentlegforskrifta) dersom vilkåra i offentleglova § 27 fyrste ledd er oppfylde. Justisdepartementet er i alle høve i tvil om det er behov for slike særreglar som forslaget stiller opp.


I høyringsnotatet punkt 4.2 er det sagt at kunnskap om staten og grunneigar sine mineral har "forretningsmessig betydning" for dei som har rettar til ressursane, og kan òg ha det for grunneigarar. Det avgjerande må vere at den som har rett til mineralressursane, er verna mot at andre kan utnytte funna hans medan han framleis har rettane. Det bør vurderast om ikkje dei vanlege reglane om teieplikt i forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 2 gir tilstrekkeleg vern i slike høve. Når det gjeld dei delane av det innleverte materialet som eventuelt fell utanfor reglane om teieplikt, må det spørjast om behovet for unntak strekkjer seg lenger enn unntakshøvet etter offentleglova.

I høyringsnotatet er det sagt at informasjon i sluttrapportar, måledata og prøvemateriale av grunneigar sine mineral er omfatta av grunneigar eller rettshavar sin eigedomsrett. Det gir etter vårt syn lite meining å tale om eigedomsrett for rettshavar når slikt materiale er sendt inn til direktoratet. Derimot vil materialet etter alt å døme vere omfatta av opphavsrett, og det vil då vere sterke avgrensingar for korleis det kan brukast av andre. Dette er eit viktig omsyn, men ikkje noko som grunnleggjer eit forbod mot innsyn. Opphavsretten og liknande rettar regulerer bruken av materiale, ikkje sjølvve innsynsretten.

Vi viser elles til offentlegforskrifta § 5 fyrste ledd, som set forbod mot å gje elektronisk kopi av materiale som ein tredjeperson har immaterielle rettar til, dersom materialet har økonomisk verdi, og det medfører fare for at materialet kan bli misbrukt i kommersiell samanheng om det blir gjeve slik kopi.

Med helsing


Harald Aass
fagdirektør


Nina Helene Norby
førstekonsulent